

Prekenverkstedet



Den Norske Israelmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

20.søndag i treeiningstida - 2.oktober 2016

Preiketekst: Matt 18,1-11

Lesetekst I: Rut 2,8-11

Lesetekst II: Ef 6,1-4

DEI MINSTE ER DEI STØRSTE I HIMMELRIKET

Til dagen:

Denne søndagen har tradisjonelt fokus på dei nære relasjonane som Gud har sett oss inn i. I tredje rekka som vi har i år, får familiar med born merksemd. Det er ein gudgjeven ordning. I ei tid med press på familien, er det trong for merksemd på og undervisning om dette tema. Relasjonen mellom kvinne og mann som har felles barn, har vore ei grunncelle i samfunnet. I den andre lesteteksten, frå Efesarbrevet, underviser Paulus om familien (Ef 6,1-4). I teksten frå Ruts bok (2,8-11) høyrer me om ein av Jesu stammødre: ei av dei fem kvinnene som er nemnt i Jesu ættetavle. Ho syner truskap mot familien, trass i at ho var av framand ætt. Boas får ein djup respekt for henne.

Kven er størst?

I preiketeksten i Matt 18 får vi mange ord av Jesus. Dei handlar ikkje minst om livet dei kristne imellom. Frå rabbinarane var ein kjent med dei mange spørsmål og svar. Medan dei går på vegen, diskuterer læresveinane, og dei stiller Jesus dette spørsmålet: «Kven er den største i himmelriket?» Då er det at Jesus svarar med ei likning som han demonstrerer med ei handling. Dette gjorde også ofte profetane. Han ropar på eit lite barn. I den antikke verda var eit barn for ingenting å rekne. Filosofen Platon til dømes, som levde 400 f. Kr, hadde ikkje noko å seie om barnet. Dei hadde ikkje nokon rettar og kunne ikkje stille krav. Hos jødane var barnet derimot teikn på Guds gåve og velsigning. Jesus går enno lengre og gjer det til eit førebilete i trua. Dei minste er dei største i himmelriket! Både her og andre stader syner han deira verdi. Det er «bakvendtlandet» si lov som gjeld! Det har også gjort noko med den kulturen der kristentrua har blitt sterk og berande. Vi har vanskeleg i dag for å forstå kor radikalt dette var den gongen!

Forføringar og freistingar

I siste del av teksten åtvarar så Jesus sterkt mot «å lokke til fall ein av desse små som trur på meg». Sjølv har eg ofte tenkt på at dette går på borna, men går ein inn i teksten, ser ein at det gjeld alle som er med i Guds rike. Jesus åtvarar mot å lokke nokon bort frå trua på Han. Det er å synde mot Jesus sjølv og øydeleggje det han elsker. Dommen blir deretter! Det er eit sterkt bilete Jesus brukar når han seier: «han var betre tent å få ein kvernstein hengd om halsen og bli søkkt i havsens djup». Som ein kuriositet kan eg nemne at eg no bur i heimkommunen min Hyllestad i Ytre Sogn. Der har dei kvernsteinen som kommunevåpen. For mest 1400 år sidan og framover ei god stund, var her storindustri med uthogging av kvernsteinar. I vår tid har ein fått eit eige «Kvernsteinscenter» med sterk turistprofilering. Dei har mål om å komme på UNESCO si verdsarvliste. Små kvernsteinar har blitt gåveartiklar. Kvernsteinen er jo i seg sjølve ein fin påminning om å skaffe det daglege brød. Så var det ikkje berre kvernsteinar dei hogg ut her, men også steinkrossar! I Hyllestad har dei fleste steinkrossane som står langs kysten vår blitt uthogne. Også ved mange kyrkjer i innlandet og på

kontinentet finn ein krossar herifrå. (Ein kjenner dei att på den glinsande granatglimmerskiferen). Steinkrossane minner oss om trua som kom til landet, om Jesu seier over døden og det vonde, vårt fremste kristne symbol. Å løfte fram krossen og Jesu ord og gjerning, blir så den største oppgåva vi kan ha, både for familiar, små og store.

Englane og himmelvegen

Å tru som eit barn, ta imot Guds rike som eit lite barn, er himmelvegen. «Dei har sine englar i himmelen som alltid ser andletet til min himmelske Far», seier Jesus i denne teksten. (v.10). Difor har og denne teksten blitt nytta på Mikkelsmesse. Den fokuserer på englane si oppgåve, og er ein dag som har blitt meir feira igjen, rundt 29.september. Det siste verset i teksten v. 11 rundar av med å skildre Jesu oppgåve: «For Menneskesonen er komen for å frelsa det som var tapt». Formuleringa kjenner me att t.d. frå Luk 19.10 frå forteljinga om Sakkeus, Grunnlaget for heile den omsut hans kyrkje skal syne, er den vegen han gjekk for oss. Det kan og få store og gode ringverknader inn i våre nære relasjonar!

Audun Systad

Sokneprest i Hyllestad. Tidlegare vik. misjonssekr. i Israelsmisjonen i Sogn og Fjordane.
Frivillig medarbeidar.

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no